



Jens H N Bjordal
Grønlandsvegen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8553 - 21/78923

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
22.11.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 351/13 Landsvik

Tiltak: Oppretting av ny fritidseigedom
Byggjestad: Gbnr 351/13
Tiltakshavar: Øyvind Landvik
Ansvarleg søkjar: Jens Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.10.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad er sendt inn før frist for å komma med nabomerknader var ute. Det må opplysast om eventuelle nabomerknader. Desse må også kommenterast.
2. Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsla til fylkesvegen. Dette gjer ein på vegvesenet sine nettsider; vegvesen.no
3. Det må leggjast fram løyve til tilkopling til offentleg vatn. Eventuelt kan det leggast fram førehandsløyve til tilkopling.
4. Utsleppsløyve må leggjast fram. Eventuelt kan det leggast fram førehandsløyve for avlaupsløysing.
5. Det må leggjast fram erklæring om vegrett og rett til å leidningar over annan grunn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.12.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Øyvind Landsvik

Breivikstølen 25 H

5179

GODVIK

Mottakarar:

Jens H N Bjordal

Grønlandsvegen 11

5918

FREKHAUG